

# **Ulvik fjellstyre**

## **Årsmelding 2023**



*Ripsebu, Ulvik statsallmennning. Juli 2023. Foto: Ole Rune Røkenes*

## Innhald

Ulvik statsallmenning .....	3
Ulvik fjellstyre .....	4
Fjellstyrehytter .....	5
Leige av fjellstyrehytter .....	5
Om fjellstyrehyttene .....	7
Jakt .....	8
Villreinjakt .....	8
Hardangervidda .....	8
Nordfjella .....	8
Samjaktsavtalar Hardangervidda .....	9
Samjaktsavtalar Nordfjella .....	9
Småviltjakt utan hund .....	10
Jaktsesongen i tal .....	10
Fiske .....	12
Fangstrappport garnfiske .....	15
Tiltak i statsallmenningen .....	15
Oppsyn og dagleg drift .....	16
Jegermøte .....	16
Handsama saker .....	16

## Ulvik statsallmenning

Statsallmenningen i Ulvik dekkjer med sine 400 km<sup>2</sup> vel 57% av arealet i heradet.

Av dette utgjer netto høgfjellsareal (villreinarealet) omlag 363 km<sup>2</sup>. Det er omlag 30 fiskevatn innanfor allmenningen, med eit areal på omlag 20 km<sup>2</sup>.

Den delen av Hardangerjøkulen som ligg i Ulvik statsallmenning utgjer omlag 20 km<sup>2</sup>.

Allmenningen grensar mot Eidfjord i sør, mot Hol i aust, mot Aurland i nord og mot Voss herad i vest, samt private område i Ulvik i vest og på Hallingskeid.

Det meste av allmenningen ligg høgt over havet og det kan vere godt med snø til ut på sommaren.

Dette gjer at sommarsesongen kan vere kort, særleg med tanke på fisket i området. Den vestlege delen av allmenningen er heller kupert, med mykje snøfennar og småbrear. Lenger aust flater terrenget ut og vert meir frodig.

Delar av vestlege delen av allmenningen er prega av kraftutbygging, med fleire kraftlinjer og store magasin.

Bergensbanen skjer gjennom allmenningen frå Storurdi i aust til Hallingskeid i vest. Dette gjer at allmenningen på mange områder er ulik dei andre statsallmenningane på Hardangervidda. Mellom anna er det ein del hytter i området rundt Finse. DNT si turisthytte Finsehytta og hotellet Finse 1222 ligg innanfor allmenningen. Universiteta i Oslo og Bergen driv Finse forskingssenter.

Delar av allmenningen er underlagt ulike former for vern og regulering:

Den søraustlege delen av allmenningen kring Hardangerjøkulen, ligg innanfor Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernombordet. Dette vart verna i samband med opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark i 1981.

Heile allmenningen er frå 1997 del av ein felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella/Hardangervidda villreinområde.

Området mellom Finse og Lågheller er regulert av Ulvik herad i eiga reguleringsplan frå 2001. Her er det mellom anna teltforbod og jaktforbod.

I 2006 vart Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernombordet oppretta. Hallingskarvet nasjonalpark dekkjer den delen av Ulvik statsallmenning som ligg nord for Bergensbana frå grensa mot Hol i aust til og med Svartavatnet i Såtedalen i vest. Biotopvernombordet dekkjer 6735 dekar på Finse.

Omsynet til villreinen, samt villevande artar er eit særskilt element i alle desse verneområda. Statsallmenningen har areal innanfor to villreinområde, Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde.

## **Ulvik fjellstyre**

Fjellstyret administrerer bruken og utnyttinga av rettigheitene dei bruksberettiga har iht bestemmelser i Fjellova. Fjellstyret ivaretok også andre regelverk og nasjonale føringer som gjeld i statsallmenningen.

Fjellstyret for perioden 2020 - 2023 er samansett slik:

*Knut Sygnestveit, leiar*

*Stig Yngve Røkenes, nestleiar*

*Atle Ulgenes, styremedlem*

*Johannes Sponheim, styremedlem*

*Kåre Olai Solheim, styremedlem*

Representant villreinutvalet på Hardangervidda: *Atle Ulgenes (vara er ikkje vald)*.

Representant villreinutvalet Nordfjella: *Stig Yngve Røkenes (vara er Johannes Sponheim)*.

*Knut Sygnestveit* møter i Fjellstyrta på Hardangervidda AS (Hardangervidda fjelloppsyn).

I 2023 vart det handsama 32 saker fordelt på seks møter. To av desse møta vart helde administrativt via telefon og epost. Fjellstyret har i også gjeve uttale i fleire saker.

Ulvik fjellstyre har ein fem-årig samarbeidsavtale med Fjellstyrta på Hardangervidda AS for perioden 2023 – 2027.

## Fjellstyrehytter

Ulvik fjellstyre har til saman ni hytter og buer i statsallmenningen. Av desse er tre steinbuer som står ulåste. Dei seks andre hyttene er låste.

I tillegg er det naust med båt ved Finsevatnet, Kvilinganutvatnet og Søre Grøndalsvatnet.

### Leige av fjellstyrehytter


Finsebu, Dyrahola, Ripsebu og Søre Grøndalsbu blir leigd ut via Inatur. I perioden 15. juli til 30. september er Dyrahola, Ripsebu og Søre Grøndalshytta prioritert for innanbygdsbuande, og er då ikkje tilgjengeleg for utleige via Inatur. I denne perioden har Stig Yngve Røkenes ansvar for utleige. Sankebu er utleigd til bruksberettiga som har sau på beite i området. Dei andre hyttene (steinbuer) står opne, og kan nyttast mot betaling til fjellstyret etter bruk.

Oversikt over hyttene	Utleigeprisar pr. døgn		
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande	
Finsebu	Helg: 1000,- Kvardag 700,-	Helg: 1500,- Kvardag: 1200,-	Låst, Inatur
Dyrahola	400,-	1000,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-30. september)
Søre Grøndalsbu	300,-	800,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-30. september)
Ripsebu	300,-	800,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-30. september)
Memorgebu	100,-	400,-	Låst
Lengjedalsbu	75,- pr. person		Open
Rundavassbu	75,- pr. person		Open
Austdalsbu	75,- pr. person		Open
Sankebu	Utleigd til sankelag		Låst

### **Leigeinntekter hytter 2023 (brutto\*)**

Finsebu	Kr 184 100
Dyrahola	kr 23 200
Ripsebu	kr 17 900
Søre Grøndalsbu	kr 11 200
Sankebu	kr 0
Memorgebu	kr 400
Lengjedalsbu	kr 950
Rundavassbu	kr 300
Austdalsbu	kr 0
<b>Sum:</b>	<b>kr 238 050</b>

\* Tala er brutto omsetnad trekt frå refusjon ved avbestillingar.



### **Utleigedøgn i 2023:**

Finsebu:	119 (inatur)
Ripsebu:	20 (inatur og manuelt sal)
Søre Grøndalsbu:	14 (inatur og manuelt sal)
Dyrahola:	25 (inatur og manuelt sal)
Memorgebu:	1 (manuelt sal)
Lengjedalsbu:	9 (open steinbu, betaling i etterkant)
Austdalsbu:	0 (open steinbu, betaling i etterkant)
Rundavassbu:	4 (open steinbu, betaling i etterkant)

## **Om fjellstyrehytte**

### Finsebu

Dette er den nyaste hytta til Ulvik fjellstyre. Hytta ligg på den gamle skyttarhustomta på Finse, og vart ferdig bygd i 2003. Den var klar til utleige på nyåret 2004. Det er 8 senger i hytta, men brannforskriftene godkjenner overnatting for 9 personar. Det vart bygd nytt toalett (snurredass) vinteren 2011. I naustet ved Finsevatnet er det båt med motor, utfiskingsgarn og ruser.

### Memorgebu

Dette er ei steinbu som er låst. Bua er utstyrt med vedomn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 2-3 personar.

### Søre-Grøndalsbu

Hytta er låst og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 4 personar. Hytta var bygd på 1950-talet og er modernisert dei siste åra. Det er 4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt i naustet ved Søre Grøndalsvatnet og 4-6 garn i naustet. I tillegg ligg uthuset med do tett inntil hytta. Påhengsmotor til båten vert lagra i uthuset. I hytta er det solcelleanlegg med innvendige lampar og mogelegheiter for lading av elektronisk utstyr.

### Dyrahola

Hytta er låst og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Hytta var bygd i 1988. Det er 4 sengeplassar i hytta og hems med 6 madrassar. I hytta er det solcelleanlegg med innvendige lampar og mogelegheiter for lading av elektronisk utstyr. Båten som ligg nedanfor hytta vart ødelagt vinteren 2023 då den vart lagt på steinar om hausten og trykt ned av snøen gjennom vinteren.

### Ripsebu

Hytta er låst og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Det er 3-4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt tilgjengeleg for brukarar av hytta. I hytta er det solcelleanlegg med innvendige lampar og mogelegheiter for lading av elektronisk utstyr. Det utvendige panelet vart bytt i 2020 grunna store snømengder denne vinteren. I 2021 vart det bytt kledning.

### Sankebu - Austdalen

Hytta er låst. Bua inneholder vindfang/gang, soverom, oppholdsrom m/kokeplass, hems og utedo. Det vart byta kledning på hytta i 2018. I 2022 vart hytta ytterlegare oppgradert med nytt golv, kjøkkenkrok og nye senger. Det er sengeplassar til 6 personar.

### Rundavassbu, Austdalsbu og Lengjedalsbu

Dette er 3 enkle steinbuer med vedomn og køyer. Buene står ulåste. Austdalsbu vart i 2015 totalrenovert for å få ho attraktiv som kvile -og overnattingstad for fjellfolk. Det er propanapparat, bestikk, koppar og kar i alle buene.

## Naust ved Kvilinganutvatnet

Naustet inneheld båt som er til fri bruk for ålmennheita. Naustet er ulåst. Naustet vart renovert i 2023.

## Lavvo/kano/utstyr

Lavvo vert sett opp på fast plass kvar sommar på nordsida av Langavatnet. Denne kan nyttast fritt av fjellfolk. I tillegg har fjellstyret kano, garnsett for prøvefiske, aggregat og verktøy for vedlikehald av hytter.

## Jakt

### Villreinjakt

#### Hardangervidda

Kvota for Hardangervidda villreinområde i 2023 var på totalt 4000 dyr. Det var var kun anledning å felle vaksen bukk 2,5 år og eldre. På Hardangervidda var jakttida 20 august til 20 september. Ulvik statsallmenning (Osafjellet) hadde også denne jakttida. Ulvik fjellstyre sin del av kvota var 149 bukkekort. Det vart felt 8 vaksen bukk på desse korta. Totalt på Hardangervidda vart det felt 416 dyr. Det gav ein fellingsprosent på 10,4%.

Tabell 1. Fellingsresultat Hardangervidda 2023 (Hardangervidda villreinutval)

## Felling 2023

Kommune	Kvote totalt bukk	Kalv hunn	Kalv hann	1 ½ simle	1 ½ bukk	Simle	Bukk	TOTALT
<b>Vinje</b>	778	3	1	2	1	10	141	<b>158</b>
<b>Nore og Uvdal</b>	718	0	0	0	0	0	26	<b>26</b>
<b>Ullensvang</b>	986	0	0	0	1	1	156	<b>158</b>
<b>Eidfjord</b>	584	0	0	0	0	1	37	<b>38</b>
<b>Tinn</b>	568	0	0	0	0	0	23	<b>23</b>
<b>Ulvik</b>	168	0	0	0	0	0	8	<b>8</b>
<b>Hol</b>	191	0	0	0	0	0	5	<b>5</b>
<b>Aurland</b>	17	0	0	0	0	0	0	<b>0</b>
<b>Rollag</b>	11	0	0	0	0	0	0	<b>0</b>
<b>Totalt</b>	<b>4014</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>12</b>	<b>396</b>	<b>416</b>

Grungedalstangen inkludert i tall for Vinje – 14 felte dyr. I tillegg kommer 39 dyr registrert som fallvilt (22 i jakta).

#### Nordfjella

Kvota i Nordfjella villreinområde (sone 2) var 80 dyr i 2023. Det kunne berre fellast bukk, 1,5 år og eldre. Alternativt kunne det fellast kalv. Ulvik fjellstyre fekk tildelt 11 kort og det vart felt 1 dyr på Ulvik fjellstyre sine kort. Jakttida var 20 august til 20 september. Totalt vart det felt 44 dyr i Nordfjella. Det gav ein fellingsprosent på 55%.

Tabell 2. Felte dyr i Nordfjella villreinområde 2023

**FELLINGSRESULTAT I NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE,  
JAKTA 2023. FORDELING PÅ KOMMUNE**

Sone 2	Hol	Aurland	Ulvik	SUM
Bukk voksen	20	15	1	36
Bukk 1 ½ år	1	1	-	2
Bukkekalv	-	-	-	0
Simle voksen	3	-	-	3
Simle 1 ½ år	1	-	-	1
Simlekalv	-	2	-	2
SUM FELT	25	18	1	44
Fellingskvote	41	28	11	80
Felt % av kvote	53,8%	64,3 %	9,1 %	55,0 %

**Samjaktavtalar Hardangervidda**

Samjaktavtale med Øvre Numedal fjellstyre. 10 jegrar frå Ulvik kan samtidig jakte på Øvre Numedal statsallmenning nord for Normannslågen, og vest for Langebuåni sør for Bjornesfjorden. Ulvik fjellstyre gav frå seg 2 kort pr jeger som ein del av avtalen. 7 jegrar benytta seg av avtalen i 2023.

Samjaktavtale mellom Ulvik fjellstyre og Rauland fjellstyre som tidlegare år. 2 jegerar nytta seg av avtalen i 2023.

Samjaktavtale mellom Ulvik statsallmenning og Slondal, Dalen og Brauåne grunneigarlag. Frå jaktstart 20.08 til jaktslutt den 20.09.

Samjaktavtale mellom Ulvik statsallmenning og Osa/Sævertveit privat. Frå jaktstart 20.08 til jaktslutt den 20. september.

**Samjaktavtalar Nordfjella**

Samjaktavtale mellom Ulvik, Hol og Aurland fjellstyre for villreinjakt i sone 2 (området mellom fv. 50 og vassdraget langs Bergensbana). Avtalen i 2023 gjaldt frå og med 28.08. til jaktslutt den 20.09.

Samjaktavtale mellom Ulvik statsallmenning og Osa/Sævertveit privat. Gjeld frå jaktstart 20.08 til jaktslutt den 20.09.

**Kortprisar og inntekter frå villreinjakta. Hardangervidda villreinområde og Nordfjella villreinområde**

Kortprisar	Hardangervidda villreinområde	Nordfjella villreinområde
Vaksen bukk, 2,5 år og eldre*	1 600,-	
Bukk, 1,5 år og eldre, alt. kalv		1 900,-

\*Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Kortsaledet gav ei samla inntekt på 280 700,-

## Småviltjakt utan hund

Jakttida for småviltjakt i Ulvik statsallmenning er fra 15. september til og med 23. desember.

Ordninga med oppdeling i jaktfelt, herunder avgrensa tal tilgjengelege kort for utanbygdsbuande (som blei innført i 2020), blei vidareført i 2023:

**Skipanuten jaktfelt:** **7 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)**

**Grjotrusti/Osafjellet jaktfelt:** **10 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)**

**Finse sør jaktfelt:** **7 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)**

**Nordfjella jaktfelt:** **10 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)**

I tillegg vart det lagt ut 3 sesongkort for utanbygdsjegrar i kvart jaktfelt. Etter dei fyrste 14 dagane er det og mogleg å kjøpe dagskort i kvar av dei fire jaktfelta. Innanbygdsjegerar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jaktdag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.

I 2023 vart det også lagt ut smårovvilkort for sal. På dette kortet kan ein jakte på artane raudrev, røyskatt, mink, kråke og ravn. Kortet kostar kr. 100,- og jakttida er i perioden 15.07 – 30.04.

Grunna freding to veker ut i jakta førre år, ynskte ein i 2023 å avvente situasjonen mtp klekking og værtihøve, før ein bestemte seg om å ha jakt hausten 2023. Fjellstyret gjorde vedtak sein i juli månad om å ha jakt, men då med eit endå meir avgrensa antal kort enn tidlegare. Korta vart lagt ut for sal etter førehandspublisert dato.

## Jaktsesongen i tal

Tal basert på innkomne fangstrapportar for jakta 2023:

Jaktdagar: 275

Tal jaktdagar med fangst: 91

Tal jaktdagar utan fangst: 184

Fellingar: Fjellrype: 113. Lirype: 8. Hare: 5. Smårovvilt: 1 ravn.

Tabell 3. Selde kort til utanbygdsbuande i 2023.

	Finse sør jaktfelt	Grjotrusti jaktfelt	Nordfjella jaktfelt	Skipanuten jaktfelt	Sum
Døgnkort utanbygds	57	15	47	6	125

<b>Vekeskort periode 1</b>	10	16	14	7	47
<b>Vekeskort periode 2</b>	15	8	13	0	36
<b>Sesongkort</b>	3	3	3	2	11
<b>Smårovviltkort</b>					3
					<b>222</b>

Tabell 4. Selde kort til innanbygdsbuande 2023.

	<b>Sum</b>
<b>Døgnkort innanbygdsbuande</b>	2
<b>Sesongkort innanbygdsbuande</b>	0
<b>Smårovviltkort</b>	1

Tabell 5. Brutto omsetnad for småviltjakt 2023.

	<b>Brutto omsetnad</b>
<b>Småviltjakt utanbygdsbuande</b>	kr 134 625,00
<b>Småviltjakt innanbygdsbuande</b>	kr 376,00
<b>Totalsum</b>	<b>kr 135 001,00</b>

Tabell 6. Kortprisar småviltjakt

<b>Kortprisar</b>	<b>Innanbygdsbuande</b>	<b>Utanbygdsbuande</b>
<b>Dagskort</b>	kr 138,00	kr 275,00
<b>Vekeskort</b>	kr 550,00	kr 1 100,00
<b>Sesongkort</b>	kr 825,00	kr 1 650,00
<b>Smårovviltkort</b>	kr 100,00	Kr 100,00

Tabell 7. Inntekter småviltjakt perioden 2003 - 2023

<b>År</b>	<b>Inntekt</b>	<b>Selde jaktkort</b>
2003	kr 58 959,00	189
2004	kr 50 000,00	118
2005	kr 59 700,00	199
2006	kr 69 600,00	205
2007	kr 48 600,00	104
2008	kr 64 700,00	162
2009	kr 60 490,00	189
2010	kr 102 100,00	342
2011	kr 83 200,00	234

2012	kr 48 200,00	151
2013	kr 1 000,00	4
2014	kr 1 600,00	11
2015	kr 300,00	2
2016	kr 3 900,00	15
2017	kr 1 900,00	10
2018	kr 122 800,00	394
2019	kr 124 320,00	380
2020	kr 122 875,00	237
2021	kr 139 250,00	276
2022	kr 112 944,00	142
<b>2023</b>	<b>Kr 135 001,00</b>	<b>222</b>

Tabell 8. Fangsstatistikk 2003 - 2022

År	Jaktdøger	Fjellrype	Lirype	Hare	Tilbakemeldingar
2003	178	229	6	0	65 kort
2004	133	185	2	7	49 kort
2005	160	213	0	3	53 kort
2006	150	161	5	3	53 kort
2007	14	14	0	1	12 kort
2008	123	75	2	0	36 kort
2009	64	26	0	0	28 kort
2010	325	100	3	3	133 kort
2011	305	118	0	7	100 kort
2012	158	54	1	1	62 kort
2013	6	0	0	1	4 kort
2014	12	0	0	1	11 kort
2015	2	0	0	0	2 kort
2016	12	0	0	0	13 kort
2017	10	0	0	1	7 kort
2018	344	269	1	3	46 %
2019	360	242	7	3	52 %
2020	306	200	6	0	75 %
2021	357	194	9	4	73 %
2022	296	155	2	2	75 %
<b>2023</b>	<b>275</b>	<b>113</b>	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>81 %</b>

## Fiske

Etter ein normal snøvinter og til dels gode værtihøve på forsommaren, var lengda på fiskesesongen om lag som på gjennomsnittet. Vatna i allmenningen var stort sett is-frie til midten av juli månad.

Gjennom sesongen vart det meldt om fiskefangstar på eit middels nivå, og for Langavatnet vart det meldt om til dels gode fangstar. Totalt sett var været gjennom sommaren heller dårlig nok som gjorde at fiskekortsaledet endte på eit middels nivå.



Figur 1. Fiskefangst. Foto: Ole Rune Røkenes

Selde kort og omsetnad i 2023:

Korttype	Tal selde kort	Brutto omsetnad
Døgerkort stongfiske	179	kr 19 690
2 døgers stongfiske	72	Kr 13 680
3 døgerskort stongfiske	26	kr 7 540
Vekeskort	16	kr 6 240
Sesongkort stongfiske	5	kr 3 950
Garnkort for innanbygdsbuar	32	kr 10 560
Garnkort for utanbygdsbuande	5	Kr 2 500
<b>Totalsum</b>	<b>320</b>	<b>kr 64 160</b>

I tillegg kjem Ulvik fjellstyre sin del av fellesfiskekortet for Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenning – som utgjer 13 831,16.

Inntekter av fiskekortsal 2002-2023 (utanom fellesfiskekortet):

År	Inntekt	Selde kort	Tilbakemeldingar
2003	kr 23 533	49	13
2004	kr 31 778	60	21
2005	kr 14 981	31	9
2006	kr 30 612	72	14
2007	kr 26 418	76	0
2008	kr 26 351	148	2
2009	kr 23 678	117	5
2010	kr 36 430	219	31
2011	kr 35 882	179	23
2012	kr 22 415	132	7
2013	kr 39 783	213	9
2014	kr 46 840	271	15
2015	kr 24 517	65	7
2016	kr 49 075	253	10
2017	kr 43 854	247	12
2018	kr 62 183	297	55
2019	kr 59 380	396	48
2020	kr 23 550	160	5
2021	kr 82 050	442	51
2022	kr 64 420	320	15
<b>2023</b>	<b>kr 64 160</b>	<b>335</b>	<b>40</b>

Fiskekortprisar i 2023:

Korttype	Pris
Døgerkort stongfiske	kr 110
2 døgers stongfiske	kr 190
3 døgerskort stongfiske	kr 290
Vekeskort	kr 390
Sesongkort stongfiske	kr 790
Garnkort for innanbygdsbuar	kr 330
Garnkort for utanbygdsbuande*	Kr 500

\*I 2023 vart det lagt ut 8 garnkort på inatur for sal til utanbygdsbuande. Kortet gjeld for garnfiske i Langavatnet i perioden 15.07 – 30.09.

Fellesfiskekortet – vekeskort: 600,-

Fellesfiskekort - sesongkort: 1200,-

## Fangstrappoart garnfiske

Det er kome inn fangstrappoart frå 8 kjøparar av garnfiskekort. Rapportane viser at det er mykje fin fisk i vatna i statsallmenningen. Frå rapportane er det mogleg å trekke ut følgjande gjennomsnittsvekter:

Langavatnet	300-500 gr.
Søre Grøndalsvatnet	300-400 gr.
Ustekveikja	350-400 gr.
Grjotrusti/Taugevatn	550 gr.
Rossevatni	100 gr.
Dyrahola	200-400 gr.
Vetla Rundavatnet	300 gr.

## Tiltak i statsallmenningen

Totalt har Fjellstyra på Hardangervidda AS utført 994 timeverk for Ulvik fjellstyre i 2023. Om lag 55% av tida vart brukt på sakshandsaming og drift av fjellstyrekontoret, 25% på oppsynsarbeid og 20% på skjøtselsarbeid i statsallmenningen.

Feltarbeidet for tilsette i Fjellstyra på Hardangervidda AS har gått med til jaktoppsyn og fiskeoppsyn, samt transport og tilsyn med hyttene. Det har vore eit særskilt tilsyn med Finsebu då det her er behov for hyppigare ettersyn.

Det har vore høg aktivitet i samband med byggjarbeid/vedlikehaldsarbeid i fjellet. I april vart det skifta vedomn i Dyrahola. Det er transportert inn material til ny utedo i Dyrahola. I juli vart redskapshuset i Søre Grøndal beisa. Det er utført mindre vedlikehaldsarbeid i Søre Grøndalsbu, Ripsebu og Finsebu. I august månad vart det utført reparasjon av naustet ved Kvilinganutvatnet. Bygget vart forsterka og det vart gjort utbetningsarbeid.



Figur 1. Naustet ved Kvilinganutvatnet er utbетra. Foto: Ole Rune Røkenes

I juli vart det støypt nytt båtutsett (slipp) i Langavatnet. Dette har no tilstrekkeleg lengde slik at det er mogeleg å setja ut båt sjølv ved lav vannstand. Statkraft stod for tiltaket.

Hengjebrua over elva ved Oksabotn vart i september utbedra gjennom ei avtale mellom Ulvik fjellstyre og Hafslund Eco.

Ulvik fjellstyre har lang tradisjon med å setja ut aureyngel i ulike vatn i statsallmenningen. Fjellstyret har gjennom åra opparbeidd seg god kunnskap om kva vatn som har god tilgang på mat, og kva antal fisk som kan setjast ut i kvart vatn. I august 2023 vart det sett ut totalt 1400 fisk fordelt på Kvilinganutvatnet, Sanddalsvatnet, og tjørn nordvest for Store Finsenut.

Ulvik fjellstyre sin lavvo vart ikkje sett ut sommaren 2023.

## Jegermøte

Den 15. august vart det helde jegermøte i kongressenteret i Ulvik. Møtet vart skipa i eit samarbeid mellom Ulvik fjellstyre og Ulvik viltnemnd med hovudtema CWD, herunder prøvetaking av hjort og villrein. Det var god oppslutnad med totalt 36 deltagarar.

## Oppsyn/dagleg drift

Ulvik Fjellstyre er medeigar i Fjellstyna på Hardangervidda AS. Selskapet har fem tilsette. Ole Rune Røkenes er fjelloppsyn og ansvarleg for dagleg drift av Ulvik fjellstyre.

## Handsama saker

### 21.02.2023:

01/23: Meldingar

02/23: Årsmelding 2022

03/23: Rekneskap 2022

04/23: Budsjett 2023

05/23: Utsett av fisk i Ulvik statsallmenning

06/23: Utvida periode for garnfiske i Langavatnet, Ulvik SA

07/23: Garnfiskekort i Langavatnet, utanbygdsbuande, Ulvik SA

08/23: Villmarksleir 2023

09/23: Aktivitetsplan 2023

10/23: Eventuelt

**06.03.2023:**

11/23: Bestandsplan for villrein på Hardangervidda, 2023-2025

**28.03.2023:**

12/23: Meldingar

13/23: Orientering v/styreleiar

14/23: Orientering v/sekretær

15/23: Forslag til Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen i Eidfjord kommune

16/23: Etablering av stiftinga Redd villreinen

17/23: Eventuelt

**25.05.2023:**

18/23: Meldingar

19/23: Orientering v/styreleiar

20/23: Orientering v/sekretær

21/23: Søknad om støtte til bokprosjekt, villreinforvaltning i Nordfjella

22/23: Godkjenning av rekneskap for 2022. Revisjonsmelding

23/23: Eventuelt

**09.07.2023:**

24/23: Småviltjakt 2023 – avgrensa antal jaktkort

**14.11.2023:**

25/23: Meldingar

26/23: Orientering v/styreleiar

27/23: Orientering v/sekretær

28/23: Søknad frå hyttestyret for Kaldavasshytta om flytting av fisk og prøvefiske i Kaldavatni

29/23: Innløysing av årleg erstatningsbeløp frå Hafslund Eco

30/23: Ervervsløyver, bruk av snøskuter

31/23: Presisering av formuleringa «bag limit» i samband med småviltjakt

32/23: Eventuelt

**Ulvik fjellstyre vil takke dei frivillige som har vore med å bidrege på dei ulike tiltaka i statsallmenningen i 2023.**

Knut Sygnefestveit /s/

Stig Yngve Røkenes /s/

Atle Ulgenes /s/

Johannes Sponheim /s/

Kåre Olai Solheim /s/